

SAK 05/23 ÅRSMELDING 2022**Saksopplysning:**

Årsmelding 2022 for Regionrådet for Hallingdal er lagt ved som eige vedlegg.

Forslag til vedtak:

Regionrådet for Hallingdal rår Hallingtinget til å godkjenne årsmeldinga for 2022.

Hallingdal, 12. april 2023

Jan Olav Helling
Dagleg leiar

Vedlegg: Årsmelding 2022

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

ÅRSMELDING 2022



1. INNLEIING

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL er eit politisk samarbeids - og interesseorgan for dei 6 kommunane i Hallingdal. Regionrådet arbeider for å utvikle regionen og samarbeidet på tvers av kommunegrensene med særleg vekt på næringsetablering og arbeidsplassar, tilflytting og rekruttering, samferdsel, breibandutbygging og utdanning. Alle referat og saker ligg på www.regionraadet.no.

2. ORGANISERING OG LEIING

Hallingtinget er det øvste formelle organet i Regionrådet, med 5 representantar frå kvar kommune, der den eine er ordføraren. Dei andre representantane er leiar/nestleiar av hovudutval/sectorutval og/eller medlemmer av formannskapet.

Desse utgjer Hallingtinget for perioden i 2019 - 2023.

Hol	Ål	Gol	Hemsedal	Nesbyen	Flå
Petter Rukke ordfører	Solveig Vestenfor ordfører	Heidi Granli ordfører	Pål Rørby ordfører	Tore Haraldset ordfører	Merete H.Gandrud ordfører
Hanne Haatuft	Ole Egil Trinrud	Herbrand Jegleim	Petter Owesen	Geir Olav Garthus	Steinar A Steinarson
Sigrid Simensen Ilsøy	Tore Bøygard	Leif Norhaug	Helene Sagabråten	Heidi Hovind Sezer	Tor Egil Buøen
Martin Grøslandsbråten	Ivar Brevik	Tom Rune S Blakkestad	Andreas Smith- Erichsen	Bård Heio	Geir Vidme
Nina Dalen	Jørund Li	Kristin Bakke Haugen	Norunn Rivedal	Linda Støvik	Anette Heiplass

Ordførarane utgjer Regionrådet for Hallingdal. Solveig Vestenfor er rådsordfører for perioden og Pål Rørby er varaordfører. Rådmenn/kommunedirektørar i alle kommunar er med på alle møte i Hallingting og Regionråd, med tale- og forslagsrett.



Regionrådet for Hallingdal

I tillegg er Viken fylkeskommune representert på møtene med fylkesråd eller fylkesrådsleiar og med fylkestingsrepresentantane Iselin Haugo Stavn og Magnus Weggesrud. Administrasjonen i Viken fylkeskommune møter også i Regionrådmøta.

Regionrådet sin administrasjon i 2022

Dagleg leiar:	Jan Olav Helling
Seniorrådgjevar:	Knut Arne Gurigard
Reknskap/IT	Målfrid Dusegard
Prosjektleiar	Linda Dalene Bjerke
Prosjektleiar	Maria Grevsgård

3. MØTER OG SAKER I 2022

Hallingtinget: To todagarsmøter. 24 saker vart handsama.

Regionrådet: 8 møter. 92 saker vart handsama

Av større hendingar og saker som har vore arbeida med i 2022 kan nemnast:



 Sats på
HALLINGDAL

Sats på Hallingdal er eit ekstraordiner næringslivsprogram støtta av Innovasjon Norge og Viken fylkeskommune. Programmet starta opp 1. feb. og programleiar er Maria Grevsgård. Målet er skape 200 nye arbeidsplassar på tre år. 2022 har blitt brukt til å gjera programmet kjent i regionen, og til å få tak i bedrifter og personar med gode prosjekt og idear. Sats på Hallingdal har involvert seg og gitt støtte til følgande prosjekt i 2022: Campus

Hallingdal, Aquasenter Hallingdal, innovasjonsnettverk, Industribygg Flå, House of Hygge, Startup Norway, Himmelspannet gardsbutikk, Fjellfond, grunderfabrikk Hemsedal, samt gründerane LAL AS og VojVoj AS.

CAMPUS  HALLINGDAL

Utdanning Regionrådet har ei klar målsetting om å bidra til fleire utdanningsplassar i Hallingdal. Dette gjeld både vidaregåande utdanning og høgare utdanningsplassar. Regionrådet har difor, saman med Gol kommune og Universitetet i Sørøst-Norge (USN),

signert ei intensjonsavtale om oppstart av Campus Hallingdal, eit fullverdig Campus i Hallingdal. I tillegg har det i 2022 vorte starta opp sjukepleiarutdanning i USN-regi på Torpomoen, det er avklara at Ål VGS får styrka sitt tilbod frå hausten med ambulanseutdanning og Fagskulen i Viken styrkar sitt tilbod på Geilo med utdanning innan helse, bygg/anlegg, øl og siderbrygging og stibygging, og Utdanningscenter Geilo (USG) har gjort avtale med Høgskulen på Vestlandet (HVL) om oppstart av nettbaserte studiar frå 2023.



Signering av intensjonsavtale mellom USN og ordførarane i Hallingdal



Ål, Hemsedal, Gol og Nesbyen no er tildelt Merket for **Berekraftig reisemål**.

Saman med Flå og Geilo kan Hallingdal no kalle seg ein berekraftig reiselivsregion og reisemåla kan bruke tittelen Berekraftig reisemål - lokalt engasjement i eit langt perspektiv. Merket for berekraftig reisemål blir utdelt av Innovasjon Norge til reisemål som jobbar systematisk med berekraftig utvikling. Regionrådet har hatt det overordna ansvaret for arbeidet med merkeordninga, som har pågått sidan våren 2020. No når alle destinasjonar er merka, arbeidar reisemåla vidare med forbetringar og med å prioritere berekraftige og innovative løysingar i reiselivet innanfor destinasjonsselskapets ordinære verksemd.

SAMFERDSEL




For Regionrådet er arbeidet for betre veg og bane i og til Hallingdal ei prioritert oppgåve.

Ringeriksbanen også i år vorte jobba mykje med – spesielt etter at banen i praksis vart skrota i forslag til statsbudsjett som vart lagt fram i oktober. Forventningane til byggestart i 2023 vart brote, og av Hallingdølen kalla «det store togrøveriet». Påverknad og god mobilisering langs heile Bergensbanen førde til at Ringeriksbanen fortsatt var med då statsbudsjettet vart vedteke i Stortinget - men det er fortsatt mykje jobb at for å sikre finansiering av banen.

«**Hallingdalsløysinga**» og då spesielt Vegpakke Hallingdal, strekninga Ørgenvika –Gol, og fjellovergangane RV 7, og RV 52, er fortsatt viktige satsingsområde. Strekninga Ørgenvika – Gulsvik er fyrste delparsell der reguleringsplanar og grunnlag for delvis bompengefinansiering skal vera på plass i 2024. **Breiband** Dei siste åra er det investert mykje i breibandutbygging i Hallingdal. Bruse AS har stått for store delar av utbygginga, og har til no brukt om lag 350 mill. kroner. I eit samarbeid med Regionrådet har utbygginga utløyst over 40 mill. kroner i statlege og fylkeskommunale løyvingar. Løyvingane for 2022 og 2023 er slått saman, og Hallingdal fekk nesten 10,7 mill for desse to åra.

Bu - og blilyst Hallingdal



Det har i 2022 vorte etablert bulystprosjekt i alle kommunar i og eit Bulystforum i Hallingdal Dette skal styrke arbeidet med å få folk til å koma til Hallingdal, bu her og trivast her. Håpet er at ei systematisk satsing på dette skal vidareføre den befolkningsveksten me har sett dei seinare åra og som i 2022 var på 414 pluss. Bulystforum er ein arena der ein kan drøfte, teste ut og dele erfaringar med tiltak og strategiar og på den måten gjera kommunane sitt bu- og blilystarbeid mindre sårbart.

HALLINGDAL – VIKEN – NYE BUSKERUD

Etter at det vart vedteke at Viken fylkeskommune skal splittast, har Regionrådet for Hallingdal teke ei aktiv rolle når det gjeldt å få til ein god start og eit godt samarbeid med Nye Buskerud. Dette arbeidet vil fortsette i 2023 og vil vera viktig med tanke på stimulering av næringsliv, utdanningstilbod, samferdselsløysingar og kollektivsatsing, klimatiltak, og tiltak som er viktige for at folk skal koma til Hallingdal, trivast her, bli verande her og ha ei oppleving av god livskvalitet. Regionrådet har og jobba for fylkeskommunale arbeidsplassar utan at dette har gitt resultat.

Konferansar og arrangement der Regionrådet er med som støttespelar eller medarrangør

Hallingdalskonferansen, Bustadkonferanse, Folkehelseforum, Vannhull *3, Startup extreme 2022

4. VERV

For valperioden 2019 –2023, er disse valt:

FORA/TILTAK	MEDLEM	VARA
Rådet til Fjellnettverket	Heidi Granli Pål Rørby	Tore Haraldset Merete H. Gandrud
Styret for Fjellnettverket	Solveig Vestenfor	
Styre for Hallingdal Næringshage	Merete H. Gandrud	
Fagrådet i Hallingdal Etablerersenter	Heidi Granli	
Styre Forum Nye Bergensbanen	Heidi Granli	Petter Rukke
Representant til SLT	Petter Rukke Tore Haraldset Merete H. Gandrud	
Styre for Hallingdal Folkehøgskule	Solveig Vestenfor	Merete H. Gandrud
Styre IS Rv7	Tore Haraldset	
Arbeidsutval Forum Nye Bergensbanen	Knut Arne Gurigard	
Arbeidsutval Fjellnettverket	Dagleg leiar	
UngInvest AIB avdeling Hallingdal	Pål Rørby	
Samferdselsutvalet	Heidi Granli Petter Rukke Pål Rørby	
Representant til Klima Viken	Merete H. Gandrud	
Styret i Sats på Hallingdal	Solveig Vestenfor Pål Rørby Jan Olav Helling	
Styret i Innovasjon Hallingdal	Solveig Vestenfor	
Styringsgruppe Campus Hallingdal	Heidi Granli Pål Rørby Jan Olav Helling Karsten Dideriksen	

5. ØKONOMI

Rekneskapet til Regionrådet for 2022 viser eit meirforbruk (underskot) på drifta med kr. 35 904. I driftsåret 2022, var det i Regionrådet budsjettert med totale driftsutgifter på kr. 2.480.000 og inntekter på kr. 2.480.730.000 inklusive kr. 400.000 i eigeninnsats på prosjekt.

Disposisjonsfondet var 31.12.2022 på kr. 822 513,44 mot kr. 763 671,67, året før

6. OPPSUMMERING OG FRAMTIDUTSIKTER

I Hallingdal klarar me oss fortsatt bra samanlikna med andre distriktsregionar. Me skårar høgt på bustadattraktivitet og i 2022 var det, for andre år på rad folketalsvekst alle kommunane i Hallingdal. Totalt var det 414 fleire Hallingar ved utgongen av 2022, enn det var året før. Noko skuldast ei positiv innanlands tilflytting, mens ein del av forklaringa på veksten skuldast ukrainske flykningar.

Næringslivet i dalen klarar seg fortsatt bra om ein samanliknar med andre distrikt, men siste året har også vore utfordrande. Mens åra 2020-2021 var spesielle pga pandemi har 2022 vore spesiell på grunn av høge straumprisar og generell råvaremangel grunna krigen i Ukraina. Den situasjonen som ha oppstått i 2022 veit ein ikkje fullt ut utfallet av, men mykje tydar på at det er mindre byggeaktivitet, at høge prisar og renteauke har dempa økonomien og dermed handelen noko og at det fortsatt er ei sterk turistnæring som er den viktigaste drivaren for utvikling og vekst.

Det er derfor viktigare enn nokon gong å samarbeide om auka kompetanse til dalen, om å skapa levelege vilkår for næringslivet og stimulere til vekst innanfor nye næringar. Det er fleire utdanningssatsingar i gong allereie, og det er eit samla Hallingdal som støttar dette. På næringsida er det også mykje spennande som skjer med næringshagen, kommunane og Sats på Hallingdal som sentral drivkraft og støtte til næringa sjølv. I tillegg har me startup extreme som fokuserar på grudarane, SMB utvikling som satsar på dei små og mellomstore bedriftene og ei rekke andre private initiativ.

På Samferdselssida går det tregare. Forkortinga av Bergensbanen, som ville gitt gitt Hallingdal eit real dytt, er no på veg inn i ein ny NTP prosess. Det same gjeld for utbetring av vegen frå Gol - Ørgenvika og fjellovergane. Her har regionrådet lagt ned stor innsats dei siste åra og fått relativt lite att, så det er viktig å halde trykket oppe framover.

Hallingdal har vist og skal fortsatt vise at samarbeid, kreativitet og offensiv tenking er eit godt grunnlag for ei positiv utvikling. Me er landets største reiselivsregion, me har 18000 hyttehallingar i dalen, det skjer spennande ting i industrien og på utdanningssida. Dette gir oss nokre moglegheiter som kan bidra til å skape attraktive og aktive lokalsamfunn der folk trivast og der ein har spennande og varierte arbeidsplasser.

Hallingdal 21. mars 2022

Jan Olav Helling
Dagleg leiar i regionrådet